

Uskedal Vassverk SA

Innkalling til årsmøte i
Uskedal skule 06.05.2014 kl.19:30

Sakliste til årsmøte

- 1: Årsmelding frå styret
- 2: Rekneskap
- 3: Val av styre og valnemnd
- 4: Val av revisor
- 5: Auke av vassavgifta
- 6: Ymse

6. mai held Uskedal Vassverk sitt ordinære årsmøte i skulen klokka 19.30 og på saklista står dei ordinære sakene årsmelding, rekneskap, val og ymse, men også auke av vassavgifta. Leiar Hans Reidar Kjærland opplysar til uskedalen.no at styret går inn for ein auke på litt under 10 prosent og peikar på at avgifta ikkje har vore justert sidan 2006.

Ein vanleg husstand vil framleis ikkje betala meir enn knappe 3000 kroner i året. Prinsippet har vore at vassavgifta skal samsvara med dei kommunale satsane, men framleis ligg avgifta langt under desse.

Auken har også naturleg nok sin bakgrunn i ein viss utgiftsauke i dei siste 8 åra.

Tekst, foto og nett;. Ola Matti Mathisen



[Her får uskedalingane vatnet sitt](#)